




Smartstrategi for Time 2017-2020



Time kommune

Smartstrategi 2017-2020



Smartstrategien gjev retning for korleis kommune, innbyggjarar og næringsliv i Time kan løysa samfunnsoppgåver i fellesskap. Transport og mobilitet, kompetanse, velferd, teknologisk utvikling og urbanisering er eksempel på område med utfordringar som krev nye løysingar.

Jæren har tradisjon for entrepenørskap og innovasjon. Ei samskaping der kommunen er ein av aktørane kan gi større bærekraft, betra lokaldemokratiet, vera grunnlag for ny næringsutvikling og bidra til betre kommunale tenester.

Smartstrategien synleggjer korleis Time kommune vil ta del i smartsatsinga som skjer i regionen med utgangspunkt i dei lokale fortrinna Jæren har.

Kommunen kan vera initiativtakar, fasilitator eller samarbeidspart i smarte prosjekt, og det vil vera naturleg å ta eit særlig ansvar innanfor strategien sine satsingsområde.

Stortingsmelding 27 (2015-2016), «Digital agenda for Norge»:

« En smart by bruker digital teknologi til å gjøre byene til bedre steder å leve, bo og arbeide i. Smartbyinitiativer har som mål å forbedre offentlige tjenester og innbyggernes livskvalitet, utnytte felles ressurser optimalt, øke byenes produktivitet, samt å redusere klima- og miljøproblemer i byene.»



Visjon : «Saman om eit smart samfunn»

Time er ein framtidsretta kommune i ein smart region. I samarbeid med private verksemdar og innbyggjarar skapar me nye løysingar på viktige samfunnsutfordringar og marknad for smarte produkt og tenester.



Kvifor smart kommune?

Velferdsordningane er under press, med stadig høgare forventingar til tenestenivå og med urbanisering og ei aldrande befolkning som hovudutfordringar. Klima- og miljøspørsmål krev nye, framtidsretta løysingar, og digitalisering og ny teknologi endrar stadig mulighetsrommet og framtidsbiletet vårt.

Kva er ein smart kommune?

Kjenneteiknet på smarte byar og lokalsamfunn er samarbeidet på tvers. I smarte prosjekt vert næringsliv og innbyggjarar medskaparar saman med kommunen og meir enn berre leverandørar og høyringsinstans. For at løysingane skal verta betre enn om ein aktør aleine finn fram til dei, krevst det nye samhandlingsarenaer og samarbeidsmåtar.

Kva vil me oppnå?

- Styrkja evna til å handtera dei store samfunnsutfordringane
- Utvikla betre og meir effektive tenester til innbyggjarane
- Sikra berekraft, livskvalitet og attraktivitet i Time
- Vera med på utviklinga av ein smart og attraktiv region

Greater Stavanger: «Strategisk næringsplan 2018-2025»:

«Digitaliseringen innebærer store trusler for etablerte bedrifter og betydelige utfordringer i kommuner og for offentlige institusjoner. Samtidig gir det enorme muligheter for nye produkter og tjenester, smartere og rimeligere prosesser. Nordic Edge, Norwegian Smart Care Cluster og omfattende Smartby initiativ viser vei i dette terrenget. Det gir mange muligheter for produkt- og tjenesteutvikling når reisen til den smarte regionen inneholder både energi, mobilitet, helse, kultur og sterk innbyggerinvolvering»



Kva er eit smart prosjekt?

Det skjer stadig utviklings- og innovasjonsarbeid i kommunen. For å skilja smartkommuneprosjekta ut brukar me dei tre kriteria «samskaping», «teknologi» og «berekraft». Det er også avgjerande at prosjekta har stor samfunnsnytte og kjem mange til gode.

Kva legg me i smartkriteria?

Samskaping: Offentlege og private aktørar går saman om å løysa samfunnsoppgåver og skapa verdi for lokalsamfunnet. Kommune, innbyggjarar, bedrifter og organisasjonar delar ansvaret for å utvikla og realisera nye løysingar innanfor dei økonomiske og samfunnsmessige rammene som er gitt. I samskapingsprosessar skjer eit rolleskifte der kommunen er fasilitator og samskapar, og innbyggjarar og bedrifter aktive medskaparar.

Teknologi:

Løysingane tar i bruk tilgjengeleg teknologi som for eksempel digitalisering, automatisering, store og opne data, sensorar, «internett of things».

Berekraft:

Løysingane skal vera økonomisk og miljømessig berekraftige, og bidra til betre livskvalitet og næringsutvikling i kommunen. Sirkulær økonomi kan for eksempel bidra til økonomisk og miljømessig framtidsretta løysingar.


Kva smarte prosjekt leitar me etter?

Time kommune vil ta initiativ til smarte prosjekt for å løysa samfunnsutfordringar innanfor fire hovudsatsingsområde:

- Livskvalitet, helse og velferd
- Kunnskap og utdanning
- Mobilitet
- Styring og demokrati

Kommunen er open for å delta i andre prosjekt som tilfredstiller smartkriteria, men er utanfor hovudsatsingsområda. Alle smarte prosjekt skal starta med ein nullpunktsanalyse for å avklara status og utfordringar og for å kunne måla nytten og sikra berekraft over tid.

Time sin smart- modell



Satsingsområde: Livskvalitet, helse og velferd



Smart framtid: Innbyggjarar i alle aldrar påverkar korleis dei sjølv og andre kan ha høg livskvalitet og eit aktivt liv. Eit tett samarbeid mellom kommune, innbyggjar, næringsliv og forskning gjev framtidsretta næringsutvikling, effektiv bruk av offentlege ressursar, og betre helse og meir sjølvstende hos innbyggjarane.

God helse, medbestemming i eige liv og ansvar for eige liv er viktige faktorar for å oppleve livskvalitet. For å fremja god helse i befolkninga, må me finna gode løysingar på utfordringar som utanforskap, einsemd, inaktivitet og isolasjon. Det er også ei utfordring at befolkninga vert eldre og at krava til velferdstenestene på sikt ikkje kan innfriast av det offentlege aleine.

Slik vil me gjera det:

- **Stimulera til smarte prosjekt for helse og livskvalitet**
- **Søkja samarbeid om nye løysingar som kan motverka einsemd, utanforskap og inaktivitet**

Eksempel: «Foren burettslag»

Behov: Foreldre ønskjer å samarbeida med andre foreldre og kommunen om å byggja private samlokaliserte omsorgsbustader for heildøgnsomsorg. Målet er å samarbeida om å tilpassa bustaden til den einskilde unge vaksne og familien sine behov og samtidig leggja til rette for kommunale omsorgstenester og velferdsteknologi.

Samskaping med:

Husbanken, foreldre, ungdommar, ergoterapeut, hjelpemiddelsentral, miljøretta helsevern, arkitekt, bedriftshelseteneste, IKT-rådgjevar og verneombod. Brukarane sine behov for velferdsteknologi er kartlagde ved hjelp av Nasjonalt velferdsteknologiprogram.

Forventa resultat:

For brukarane:

Dei som skal bu i burettslaget får bueiningar og teknologiske løysingar tilpassa kvar einskild, som gjev grunnlag for utvikling, meistring og livskvalitet. Foreldra deltek aktivt i planlegging og gjennomføring av flytting til eigen bustad for eigne born, har eigarskap til utforming, tilpassing og organisering av bustadene.

For kommunen:

Ny erfaring og kunnskap om samskaping med brukarar og pårørande, og om kartlegging og utprøving av velferdsteknologi i samarbeid med brukaren. Det at brukarar og familiane deira er medeigarar i planleggings- og etableringsprosessen gjev grunnlag for å samarbeida om tiltak også etter etablering.





Satsingsområde: Kunnskap og utdanning

Smart framtid: Innbyggjarane i alle aldrar har høg grunnleggjande kompetanse og digitale kunnskaper. Barn og unge har digital kompetanse som gjer dei ettertrakta i arbeidsmarknaden.

Endringane i samfunnet skjer i stadig høgare tempo og kunnskap må fornyast kontinuerleg. Den teknologiske utviklinga har endra mønsteret for korleis me samhandlar, møter kvarandre og tileignar oss informasjon og kunnskap. Investering i innbyggjarane sin kunnskap og kompetanse er eit viktig grunnlag for framtidig verdiskaping.

Barn som veks opp i informasjonsalderen må ha kunnskap som møter framtidige krav i nærings-, samfunns- og arbeidsliv. Det er ei utfordring at ein del ungdommar «melder seg ut» mentalt dei siste åra på ungdomsskulen og dermed ikkje tileigner seg grunnleggjande kunnskaper.

Det er ei utfordring av mange vaksne ikkje har tilstrekkeleg formell kompetanse for framtida. Livslang læring er ein føresetnad for å kunna delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet, og det er viktig å leggja til rette for at så mange som råd kan få tilgang til opplæring og teknologi.

Slik vil me gjera det:

- Stimulera til smarte prosjekt som aukar det generelle kunnskapsnivået i lokalsamfunnet
- Søkja samarbeid om nye løysingar for å motverka mental drop-out i skulen

Eksempel: «Ver til stades med AV1»

Behov: Barn med alvorleg sjukdom og langtidsfråvær frå skulen opplever isolasjon og einsemd. Både sjukehus, elevar, foreldre og skule har behov for at desse elevane kan få tilgang til undervisning og sosiale aktiviteter utan å vera fysisk til stades i periodar.

Samskaping med:

Grundaren som oppdaga behovet gjennom kontakt med ein sjukepleiar var dataprogrammerar og designar. Ho tok ideen med til eit såkalla «makerspace» der ein kan laga og testa prototypar. Dette la grunnlag for vidare utvikling av produktet i samarbeid med Kreftforeningen, St.Olavs Hospital, Sunnaas Sykehus, Universitetet i Oslo og Snø Designstudio. I tillegg rådførte utviklarane seg med Datatilsynet, lærarar, pp-tjenesta, sjukehus, organisasjonar, foreldre og juristar.

Resultat:

For eleven: AV1 er ein personalisert robot utvikla spesielt for barn og unge med langtidssjukdom
For bedrifta: No Isolation vart etablert som startup-selskap, og har skalert opp produksjonen av AV1 ved direktesal og samarbeid med større leverandørar. No satsar dei på nye produkt som skal motverka einsemd og isolasjon hos nye grupper.

For skulen:

Avataren gjev muligheit for å tilby elevane i målgruppa tilpassa opplæring også når dei er under behandling eller opptrening. Timeskulen har tatt i bruk løysinga.





Satsingsområde: Styring og demokrati

Smart framtid: Innbyggjarane deltek i avgjersler som påverkar kvardagen og nærmiljøet deira. Det er lagt til rette for innsyn og samanstilling av tal og data om styring og drift av kommunen. Deltakinga i lokale val er like høg som ved stortingsval.

I ei tid der samfunnsdeltakinga generelt går ned, kan teknologi gi nye former for involvering og medverknad. Tilgjengelege styringsdata gjev innbyggjarar grunnlag for engasjement og næringslivet kan utvikla nye idear og løysingar.

Involvering og samskaping skapar tillit og styrkjer lokaldemokratiet og gode sjølvbeteningsløysingar gjev innbyggjarar innsyn og tilgang til kommunale tenester og avgjersler.

Dugnadsånd er ein viktig innsatsfaktor i kommunen. Initiativ frå innbyggjargrupper og vellag til tiltak i lokalmiljøet er verdifulle og kan bidra til berekraftig utvikling på lang sikt.

Slik vil me gjera det:

- **Stimulera til bruk av opne data frå kommunen som grunnlag for ny næring og teknologiutvikling**
- **Inviterar til og delta i prosjekt som vil finna nye løysingar for auka engasjement, medverknad og involvering i lokalsamfunnet og lokaldemokratiet**

Eksempel: «Alt på ein plass!»

Behov: All informasjon familien treng om tidspunkt for møte, arrangement, turneringar, renovasjon, skulerute, dugnad osv på ein stad, rett i kalenderen på mobilen

Samskaping med:

Design- og teknologibedrifta Eggs, foreldre, IVAR, fritid, skule, Rosseland ballklubb

Forventa resultat:

For innbyggjaren:

Mogleg å velga kva informasjon frå det offentlege, lag og organisasjonar ein vil ha rett i kalenderen

For bedrifta:

Utvikla kalenderapplikasjonen «About Time», som kan skalerast til ulike kommunar og format

For kommunen og lag/organisasjonar:

Løysing som sikrar frammøte til avtalar og mindre tid brukt på innkalling og påminning og i tillegg godt omdømme for service til innbyggjarar og medlemmer. Kommunen er initiativtakar og får namnet festa til det ferdige produktet.





Satsingsområde: Mobilitet

Smart framtid: I Time gjer teknologien gode transportløyningar tilgjengelege for alle, og det er lett å komma seg frå stad til stad i kommunen. I Bryne er det lagt godt til rette for gåing og sykling, og byen er attraktiv for næringsliv, turistar og innbyggjarar.

Det er ei utfordring at det er avstandar mellom tettstader og sentrum i kommunen, utan at det er grunnlag for offentleg transport med tette avgangstider frå alle stader. Innbyggjarar og næringsliv forventar stadig smartare og meir effektive løysingar for framkomst og parkering, og for at Bryne skal utviklast vidare som ein attraktiv by, må det vera lett å komma seg til byen og interessant å opphalda seg der. Transportsektoren står for ein stor del av klimagassutsleppa og ei viktig utfordring er å utvikla klimavenlege løysingar for transport framover.

Slik vil me gjera det:

- Ta initiativ til prosjekt for utvikling av smarte mobilitetsløyningar
- Stimulera til smarte prosjekt som fremjar gåing og sykling i lokalmiljøet
- Stimulera til at private energistasjonar leverer berekraftig drivstoff

Eksempel: «Kom og hent meg!»

Behov: Innbyggjarar i Time treng å transporterast mellom dei ulike delane i kommunen og Bryne treng at det er lett å komma seg frå heile kommunen til butikkar og arrangement i byen

Samskaping med:

Teknologibedrift, offentlege og private transportørar, innbyggjarar i ulike aldrar. Kommunen presenterte problemstillinga i x2labs sin startupakselerator, ein arena for dei som ønskjer å starta eiga bedrift. Dette førte til at det vart etablert ei start-up-bedrift som ville laga ei ny, smart løysing.

Forventa resultat:

For innbyggjaren:

Lett å bestilla trygg og rask transport og komma dit ein skal i kommunen

For bedrifta:

Utvikla bestillingsapplikasjon som gjev hensiktsmessig kontakt og kontrakt mellom innbyggjar og offentlege og private transportørar på tvers av sektor. Moglegheit for oppskalering.

For kommunen:

Bidrag til nye løysingar på infrastruktur og kommunikasjon i kommunen der det ikkje er grunnlag for faste offentlege transportløyningar. Erfaring med å leggja fram samfunnsutfordringar som problemstillingar og utgangspunkt for samskaping av løysingar.



